



GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA

Handlings- og økonomiplan 2022-2025

Budsjett 2022





INNHALD

1. Kommunedirektøren si innleiing	4
2. Gulen kommune i dag.....	6
3. Visjon, målsettingar og strategiar.....	7
Visjonen til Gulen kommune er:	7
Mål og strategiar	7
Busetnad/ kommunale tenester	8
Infrastruktur/ næringsliv	9
Barn og unge/ kultur.....	9
Ny samfunnsplan	10
4. utfordringar og moglegheiter.....	11
4.1. utfordringsbilete i økonomiplanperioden og i kommuneplanperioden.....	13
4.2. Demografi og folketal.....	13
4.3. Den teknologiske utviklinga	15
4.4. Utanforskap	15
5. Handlingsregel og måltal	16
5.1 Handlingsregel	16
5.2 Måltal.....	17
6. Inntektene til Gulen kommune.....	21
6.1 Rammetilskot og skatt på inntekt og formue	21
6.2 Eigedomsskatt.....	22
6.3 Andre generelle driftsinntekter	22
6.4 Sum generelle driftsinntekter	23
6.5 Finanspostar	24
7. Drifta til Gulen kommune	25
7.1 Barnehage.....	25
7.2 Skulefritidsordning	27
7.3 Skule	27
7.4 Barnevern	29
7.5 Helse og sosial.....	30
7.6 Helse- og omsorgstenester i institusjon.....	31
7.7 Helse- og omsorgstenester til heimebuande	32



7.8	PU tenesta – heimetenester og avlastning.....	34
7.9	Plan, landbruk og teknisk	34
8.0	Eigedomsforvaltning	37
8.1	Kultur, idrett og bibliotek.....	38
8.2	Beredskap, samfunn- og næringsutvikling.....	39
8.3	Kyrkja i Gulen.....	40
8.4	Politisk styring	41
8.5	Kommunedirektør, stab og støtte	41
8.	Investeringar	43
	Investeringsprosjekt 2022- 2025.....	43
	Kommentarar til investeringane.....	44
9.	Vedlegg	47



1. Kommunedirektøren si innleiing

Korleis sikre ei berekraftig utvikling av tenestene for innbygarane i Gulen kommune?

Kommunen vil med sine prioriteringar framover både påverke utviklinga strategisk men også ha ei sentral rolle i korleis samfunnet utvikler seg.

Kommunen har 4 roller i sitt samfunnsoppdrag. Vere myndigheitsutøver, tenesteleverandør, samfunnsutvikler og sikre ein demokratisk arena. Det inneber at kommunen må balansere mange omsyn.

Denne handling- og økonomiplanen for perioden 2022-2025 viser at det er mange satsingar og områder vi prioriterer. Vi skal arbeide effektivt for å møte utfordringar som gjeld for Gulen kommune, ikkje berre utifrå korleis situasjonen er i dag, men også legge tilrette for gode bu- og levevilkår i framtida. Å ha eit arbeid å gå til er grunnleggande for alle. I kommunen er det mykje areal som er tilrettelagt for utvikling av næring. Næringslivet i kommunen er rikt og variert, noko som fører med seg ein god sysselsettingsgrad. Kommunen sitt tenestetilbod er organisert rundt fire tettstadar som er sentra for dei tenestene kommunen leverer og elles legg til rette for. Det er kostnadskrevjande å ha fire tettstader med fullverdige teneste- og fritidstilbod til 2 300 innbygarar. I samfunnsplanen er det prioritert å bygge vidare rundt desse gode bu- og oppvekstmiljøa. For å sikre ei berekraftig utvikling må kommunen i den økonomiske planlegginga finne det riktige kostnadsnivået på dei einskilde tenestene. Til dømes viser dei demografiske framskrivingane nedgang i tal barn i barnehage og skule og stor auke i tal eldre over 80 år. Per i dag er mykje av meirforbruket i drifta innan omsorg.

Det er naudsynt å setje i gang eit omstillingsarbeid for å kunne møte dei demografiske endringane på ein forsvarleg måte både fagleg og økonomisk - nok ressursar og rett kompetanse. Satsingane må prioriterast opp mot dei utfordringar som møter oss og dekke dei kartlagte behov for gode bu- og arbeidstilhøve. Som grunnlag for denne handling- og økonomiplanen er det fleire punkt som skildrar korleis vi arbeider og kva vi legg til grunn for økonomiske prioriteringar.

Vi vil basere våre val på kunnskap

- Vi bygger kunnskap for å skaffe oversyn over
 - o Gulen kommune sitt utfordringsbilete, og vurdere
 - o effekten av ressursbruken

Vi trekk fram berekraftselementa

- Vi lager en ny kommuneplan / samfunnsdel som synleggjer viktigheita av berekraftselementet
- Vi bygger på FNs bærekraftsdimensjoner
 - o Økonomi
 - o Miljø
 - o Sosialt
- Vi tilpasser desse til lokale tilhøve gjennom involverende prosessar
- Vi synleggjer våre prioriteringar og vårt handlingsrom



Vi utviklar vårt lokalsamfunn

- Vi har eit godt utgangspunkt
 - o Høgt inntektsnivå per innbyggjar
 - o Kommunen har gode tenester etablert i 4 tettstadar

Vi tilpasser velferdstenestene våre til endringar i samfunnet for å sikre eit handlingsrom

- Langsiktige trender treff Gulen like hardt som andre distriktskommuner
- Perspektivmeldinga varsler at vanskelegare tider kjem
- I møte med desse trendene må vi vidareutvikle vårt planverk og fornye våre strategiar

Vi tydeleggjer koplinga mellom planane våre frå kommuneplanen og ut i handlings- og økonomiplan ved å trekke fram mål, strategiar og prioriteringar. Våre satsingar femner breitt:

- Born og unge skal prioriterast ved at ein set tydelege målsettingar og kriteriar for gode oppvekstvilkåra
- Kommunen skal vere ein aldersvennleg kommune med tydelege målsettingar opp mot reforma «Leve Heile livet»
- Digitalisering innan alle tenester
- Organisasjonsutvikling for å møte samfunnsendringar betre, og for å sette fokus på kommunen si rolle som samfunnstilretteleggar. Det inkluderer systematisk arbeid med oversikter og tiltak for god folkehelse, inklusiv utvikling av møteplassar. Dialog med næringsliv om næringsutvikling, tryggleik og gode bu- og oppvekstsmiljø

Vi prioriterer ny samfunnsplan

Handlings- og økonomiplanen 2022-2025 med budsjett for 2022 er tilpassa at kommunen er i prosess for å vedta ny samfunnsdel i kommuneplanen. Det er tatt utgangspunkt i eksisterande kommuneplan. Endringar og krav i ny kommunelov vert innarbeidd, mellom anna skal kommunen vise tydelegare samanheng mellom kommuneplan og budsjett. Det er vidare naudsynt å endre eksisterande kommuneplan slik at den er tilpassa samfunnet slik det er i dag. Når kommunestyret vedtek ny kommuneplan vil den legge premissar for samfunnsutviklinga i Gulen kommune. Vi vil vise korleis kommuneplanen blir følgt opp i faktiske strategiar og økonomiske prioriteringar. Det skal utarbeidast målekriterier slik at vi kan sjå utviklinga opp imot bestemte føresetnadar.

Etter at kommuneplanen vert vedteken vinteren 2022 vil den danne grunnlag for ein ny disposisjon for framtidige handlings- og økonomiplandokument.



2. Gulen kommune i dag

Gulen kommune blir påverka av at samfunnet generelt endrar seg

- Kommunen sine utfordringar endrar seg
 - Innbyggartalet har ikkje nådd dei målsetnadar som kommunen arbeider etter
 - Fleire eldre, færre yngre
 - Nye behov i tenestene - og andre forventningar frå våre innbyggere
 - Vi må handtere klimautfordringar
 - Kommunen vil få fleire sårbare punkt, jf. Perspektivmeldinga (Meld. St. 14 (2020-2021), internasjonale tilhøve, reduksjon i handlingsrommet.

Gulen kommune er i utvikling

- Vi skal posisjonere oss for å sikre utvikling
 - I tenestene
 - I lokalsamfunnet
 - I bygningsmassen
- Korleis gjer vi dette;
 - Vi tydeleggjer vårt handlingsrom, og vårt behov for vanskelege val - til folkevalde, tilsette og våre innbyggjarar
 - Vi har sterke fagmiljø som skal sikre eit godt fagleg grunnlag for å utvikle oss og våre tenester
 - Vi har gode samarbeid med andre kommunar og gode oppgåvefelleskap som til dømes Norhordland IKT og DIR.
 - Vi har gode dialogar og samarbeid med innbyggjarar og næringsliv

Vi utviklar våre tenester ved å jobbe heilskapleg med problemløysing ut frå tydelege prioriteringar

Vi må ha ein gjennomgang av tenestene for å sikre at tenestene er berekraftige på lang sikt. Omfang og volum i tenestene må være på et «riktig» nivå.

Kommunen sin leiargruppe arbeider med det perspektiv at vi må gjere riktige prioriteringar for å nå dei mål vi sett oss. Det blir i denne samanheng gjort vurderingar om dei tiltaka ein jobbar med har effekt, om arbeidsprosessane er gode, korleis bemanninga er sett saman, om IKT kompetansen er god nok for ny velferdsteknologi, o.s.b.

Når handlingsrommet for Gulen er gjort tydeleg, vil vi òg sjå om ein skal satse på nye utviklingsområde.

Vårt viktige plan- og strategiarbeid legg grunnlaget for gode tenester i framtida

- Ny kommuneplan / bærekraftsmål / fokehelse
- Vi oppdaterer strategien på Helse og omsorg
- Vi ser på tenester til born og unge
- Vi gjer Gulen meir attraktivt gjennom god samfunnsutvikling
- Vi gjennomfører IKT strategi



Vi har gjennom drifta vår gjennom mange år satsa på god kvalitet av tenestene innen skule, barnehage og omsorg. I tillegg er det vektlagt sterkt at tenestene skal vere tilgjengeleg i alle 4 bygder.

Samfunnsplanen sitt perspektiv med auke av innbyggartal har ikkje vorte innfridd enno. Oppdraget med å utvikle og legge til rette for samfunnsutviklingen vil ein prioritere sterkare framover. Det er viktig å lage handlingsrom for gode bustadtilhøve, sjå på møteplasser og initiativ for å binde bygdene saman. Vi må arbeide for god folkehelse, arbeide mot utanforskap, fremje samhold, styrke beredskap /tryggleik. Auke fokus på klima.

I denne handlingsplanen har vi særleg satsa på:

- Ei robust helseteneste som òg har kapasitet til å drive førebyggjande arbeid
- God iverksetting av nye reformar slik som til dømes barnevern og aldersvenleg samfunn
- Å auke ressursar innan plan og bygg for god og effektiv planlegging utvikling av kommunen, og møte næringsverksemdene sitt på behov på dette området
- Å fremje tryggleik, beredskap og førebygging
- Auke fokus på klima

3. Visjon, målsettingar og strategiar

Kommunen skal ha ein fireårig plan som syner dei økonomiske rammene ein legg inn for å levere gode tenester til innbygarane, ein trygg utøving av mynde, og bidra til å utvikle kommunen. Den økonomiske budsjett, handlings- og økonomiplan skal bygge opp om den eksisterande kommuneplan - samfunnsdelen 2012-24, vedteke i K-sak 2/14 den 30.01.14.

Planen skal være styrande for dei aktivitetar/ tiltak kommunen skal arbeide etter, og gjere synleg dei satsingar kommunen har gått for. Handlingsplanen skal danne grunnlaget for operasjonalisering av samfunnsplanen.

Visjonen til Gulen kommune er:

GULEN- HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE med:

- Gode oppvekstvilkår
- Livskraftige og samarbeidande bygder
- Mangfald og rom for alle

Mål og strategiar

Dei mål og strategiar som vi arbeider etter i kommunen er sett for ei tid tilbake, og det er teke ei avgjersle om at desse skal vidareutviklast i ny samfunnsplan. Dei eksisterande målsetnadene har vore ei styrke for kommunen. Måla våre har vore medverkande til at kommunen har eit godt utgangspunkt for vidareutvikling i tråd med dei samfunnstilhøva som ligg føre i dag. Dei gjeldande mål har ført til:



- Vi er godt i gang med å utvikle betre utområde på alle skule- og barnehagene
- Det er utvikla fleire bustadsområde
- Det er bygget nye barnehager
- Oppgradering av bygningsmasse og kommunale veger
- Utvikla vassforsyning Gulen sør
- Gjennom GMU har kommunen arbeidd for næringsutvikling
- Jobba mykje med interkommunale planer og samhandling
- Kome langt i digitaliseringsarbeidet , noko som er svært viktig for spredtbygde kommuner
- Vi har eit høgt tal på reguleringsplanar i arbeid

Dei mål vi arbeider mot kan skildrast slik:

Gulen kommune har 3 hovudinnsatsområde i gjeldande samfunnsplan:

- Busetnad/ kommunale tenester
- Infrastruktur/ næringsliv
- Barn og unge/ kultur

Busetnad/ kommunale tenester

Mål:

- Auke innbyggjartalet til minimum 2 500
- Behalde 4 livskraftige bygdesenter med levande grender rundt
- Sikre innbyggjarane gode tilbod
- Skape møteplassar
- Trygge og framtidsretta budstadorområde

Strategiar:

- For å møte utfordringa med å skaffe arbeidskraft til framtidig utvikling av bedrifter i Gulen, skal det i arealplanen leggest til rette areal for næringsbygg, bustader/ utleigeeiningar og ev. Idrettsanlegg. Dette skal skje i samarbeid med næringsliv, bygdefolk og i dialog med Masfjorden kommune.
- Styrke nærmiljø- anlegga tilknytt dei fire grunnskulane, for å stimulere til meir allsidig fysisk, sosial og kulturell aktivitet og styrke det aktivitetens tilbodet ein alt har.
- Tilrettelegge for attraktive tomter til fast busetnad, også spreidd busetnad. Arealplanen skal syne aktuelle område, trygge for ras, flaum, havstigning og liknande.
- Tilrettelegge for nye bustadfelt/ fortetting i/ nær eksisterande bustadområde.
- Effektiv kommunal sakshandsaming i utbyggingssaker.
- Bruk av juridisk forpliktande avtalar for å sikre at attraktive tomter ikkje vert selde vidare til fritidsføremål.
- I alle skulekrinsane skal det vere barnehage, skule og bu- og omsorgsbustader.
- Gulen kommune skal bidra til å styrke helse til alle innbyggjarar ved å tenkje «helse i alt ein gjer». Folkehelse og førebyggjande strategi skal ligge til grunn og implementerast i alt kommunalt planarbeid.
- Regulere areal til private tenestetilbod i alle krinsar.
- Styrke det frivillige arbeidet i kommunen ved å vidare utvikle kultur, idrett og friluftslivtilbodet til alle våre innbyggjarar.
- Legge til rette for innvandring og allereie etablerte innvandrarakar.



Infrastruktur/ næringsliv

Mål:

- Fleire lønsomme og varierte arbeidsplassar
- Kommunen skal vere eit felles bu- og arbeidsområde
- Minske avstandsulemper

Strategiar:

- Satse på vidareutvikling av næring i Gulen.
- Satse på kultur- og reiselivsbaserte næringar, for særleg behalde og vidareutvikle fritids- og turistbasert næring og akvakultur.
- Legge til rette for næringsutvikling langs E39.
- Arbeide for betre sambindingsvegar i kommunen, og for trygt trafikkmønster i og mellom bygdene.
- Styrke kollektivtilbodet i kommunen.
- Legge til rette for trygge vegar for gåande og syklande til og frå skule, barnehage og arbeidsplass, for å stimulere til fysisk aktivitet.
- Moderne teknologi skal vere tilgjengeleg i heile kommunen.
- Samarbeid med nabokommunar.

Barn og unge/ kultur

Mål:

- God kvalitet på tenester til barn og unge
- Trygge og gode oppvekstvilkår
- Skape felles identitet

Strategiar:

- Kontinuerleg vurdering og utvikling av kvalitet på tenestene
- Styrke dei kommunale tenestene for dei som treng ekstra oppfølging og arbeide for å utjamne sosial ulikskap.
- Arbeide for å utjamne sosial ulikskap.
- Halde fast på nærleik til barnehage, skule og helsestasjon
- Legge til rette for større ungdomsmiljø.
- Arbeide for fleire møteplassar for barn/unge.
- Prioritere kulturarbeid for barn og unge
- Styrke kultursektoren og frivilligsektoren
- Utvikle Tusenårsstaden Gulatinget til eit nasjonalt kulturminne og som eit fyrtårn i regionalt reiseliv og kulturliv.



Ny samfunnsplan

I kommunen sin overordna risikovurdering kjem det fram at det er vanskeleg å styre etter gjeldande samfunnsplan då den er lite konkret med omsyn til tema som har peika seg ut dei seinare åra. Samtidig er FN sine berekraftsmål sentrale i utarbeiding av ein ny samfunnsplan. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, setje i verk tiltak mot ulikskap samt stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla gjeld alle land i verda, og legg difor føringar for kommunen vår. Prosjektplanen er tydeleg på att kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje overordna mål for sektorane si planlegging, samt fastsetje retningslinjer for korleis kommunen skal gjennomføre eigne mål og strategiar.

Den nye samfunnsplanen skal legge til rette for å styre kommunen etter *klare* målsetnadar som tek omsyn til:

- Berekraft
- Demografiutviklinga i kommunen
- Folkehelse
- Miljø og klima
- Innovasjon og digitalisering
- Sysselsetjing og næringsliv

Desse punkta vil vere gjentakande i strukturen til den nye samfunnsplanen, som elles har fylgjande inndeling:

1. Born og unge
2. Vaksne og eldre
3. Kultur, idrett og frivillig arbeid
4. Bustad, stadutvikling, arealforvaltning
5. Miljø, klima, forureining
6. Samfunnstryggleik – beredskap, transport, infrastruktur
7. Næring og sysselsetjing
8. Organisering

Akkurat no pågår arbeid med kva som skal vere Gulen kommune sin nye visjon. Før kommunestyret treff vedtak, vil det bli arbeidd ut mot dei ulike interessentgruppene; innbyggjarar, næringsliv, utvala våre og dei einskilde einingsleiarar. Vidare er det planlagt stand i bygdesentra for å møte innbyggjarane og få deira innspel vedkomande ny visjon for Gulen kommune.

Klima og miljø vil bli godt synleg i den nye samfunnsplanen. Ikkje berre grunna dei tydelege berekraftsmåla til FN, men også fordi lokal handling har stor påverknad på dei globale måla. Cicero, senter for klimaforskning, peiker på tre punkt som kan styrke kommunane sitt klimaarbeid:

- Klimaarbeidet må integrerast i kommunen sine system og rutiner
- Det må iverksetjast tiltak vedkomande direkte og indirekte utslepp – sistnemnte omhandlar utslepp frå varer og tenester der utsleppa skjer andre stadar.
- Kommunen må i større grad ta i bruk si rolle som samfunnsaktør, der vi legge til rette for at andre kan bidra i klimarbeidet. Til dømes lokale nettverk og klimasamarbeid.



Folkehelse i kommunen vil også få ein tydeleg prioritet i den nye kommuneplanen.

Folkehelselova § 4 legg eit stort ansvar på kommunen kva vedkjem folkehelsearbeid:
-Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» vil også spele ei sentral rolle i den nye kommuneplanen. Kvalitetsreforma skal sikre gode leveår med god helse, god livskvalitet, større grad av meistring i eige liv, helsehjelp tilgjengeleg når behov oppstår, god ivaretaking av pårørande, god ivaretaking av tilsette. Det er lagt opp til fem nasjonale satsingsområder, der Gulen har valt ut tre av desse for vidare arbeid. Det er *aktivitet og felleskap, mat og måltid, og samanheng* – der sistnemnte omhandlar den enkelte sitt behov, avlastning og støtte til pårørande, mjuk overgang heim – sjukheim med meir.

Ein annan sentral føring i arbeidet med ny samfunnsplane er at Handlings- og økonomiplanen skal vidareutviklast med økonomisk berekraft som underliggjande føresetnad. På denne måten får vi styrka koplinga mellom kommuneplanen og den operative delen.

4. Utfordringar og moglegheiter


Gulen kommune er ein kommune med befolkning spreidd utover heile kommunen. Den areal- og /geografiske situasjonen i Gulen medfører at det er ein kostnadskrevjande kommune å drive. Befolkninga er spredt, noko som betyr at dei tenestene kommunen yter skal dekke eit stort område.

I dag er hovudtenestene knytt inn mot dei fire tettstadene som gjeld for kommunen, og som er tilpassa dei geografiske tilhøve for å bygge opp ein god kommune for alle innbyggjarane. Driftskostnadane per innbyggjar er høg med den spredte satsinga ein har i dag. Infrastruktur er kostnadskrevjande, og bygningsmassen krev oppfølging i alle tettstadene våre. Den spredte tenestestrukturen fører med seg at vi har mange små einingar, som ikkje får samdriftsfordelar. Kommunen har ei målsetting om å auke innbyggartalet, om det målet blir innfridd vil kostnad per innbyggjar kunne bli noko redusert. Kommunen har ei målsetting om å auke innbyggartalet, om det målet blir innfridd vil kostnaden per innbyggjar kunne bli noko redusert.

Figuren under viser kostnadsnivået til Gulen kommune i 2020, målt i kroner per innbyggjar, for alle tenestene. I figuren er utgiftene korrigerert for utgiftsbehov. Det vil seie at kostnadsulempene som vi har knytt til tildømes geografi er korrigerert for. Figuren under viser at dersom vi samanliknar oss med KOSTRA gruppa vår har vi dyre tenester på fleire områder, særleg gjeld dette helse- og omsorg. Samanliknar vi oss med alle kommunane i landet, utanom Oslo, ligg vi høgt over på grunnskule, barnehagar og administrasjon.




Figur 1: Netto driftsutgifter 2020, justert for utgiftsbehov



Figur under syner kor mykje dyrare vi driv, enn KOSTRA gruppe 6 og landet utan Oslo. Figuren er basert på KOSTRA tall for 2020, og syner kostnadane etter det er justert for ulikheiter i utgiftsbehovet. Figuren syner at samanlikna med KOSTRA gruppe 6 brukar vi 8,5 millionar meir på Helse og omsorg, 1,3 millionar mindre på grunnskule og 0,9 millionar meir på barnehagar. Sett i forhold til landet, utan Oslo, brukar vi 16,2 millionar meir på Helse- og omsorg, 6,3 millionar meir på grunnskule, og 8,3 millionar meir på barnehagar.

Figur 2: Potensialet for effektivisering i tenestene samanlikna med KOSTRA gruppe 6 og landet utan Oslo





4.1. Utfordringsbilete i økonomiplanperioden og i kommuneplanperioden

I juni vart regjeringa si perspektivmelding, *St. meld. 14 (2020-2021) Perspektivmeldingen 2021*, behandla av Stortinget. I meldinga, og i Stortinget si behandling, vart det drøfta korleis dei store utviklingstrendene i samfunnet vil påverke Norge i åra framover, og korleis vi kan førebu oss på denne utviklinga. Kommunen si rolle er sentral i meldinga. Av utviklingstrendane som også vil påverke Gulen kommune vart mellom anna desse framheva:

- Den demografiske utviklinga medfører at vi blir mange fleire eldre. Det vil bli færre yrkesaktive bak kvar pensjonist og det vil vere behov for fleire årsverk i Helse- og omsorgstenestene.
- Den teknologiske utviklinga gjer nye moglegheiter innan mellom anna tenesteutvikling, næringsutvikling og samfunnsutvikling. Utviklinga kan likevel skape utfordringar fordi det kan medføre auka ulikheiter mellom dei kommunane som har kompetanse til å utnytte nye teknologiske løysningar, og kommunar som ikkje får til dette.
- Utanforskapet medfører at ein auka del av befolkninga ikkje er i utdanning eller arbeid, men i staden får offentlege stønader. Dette er ei utvikling kommunane har stort behov for å endre, både fordi det er store personlege og økonomiske kostnader knytt til et utanforskap, men også fordi vi treng denne gruppa som arbeidskraft.
- Miljø- og klimautfordringa medfører at kommunane må omstille seg ein miljømessig berekraftig utvikling. Dette påverkar økonomien vår men også korleis vi planlegge samfunnsutviklinga, og korleis vi skal drive eigeomsforvaltninga i Gulen kommune.
- Det økonomiske handlingsrommet vil bli mindre og forskjellane mellom folk og regionar kan bli større. Vi får færre yrkesaktive bak kvar pensjonist, og ein høgare del av økonomien vil vere tenesteyting som over tid har ein lågare produksjonsvekst enn tradisjonelle næringar. Dette betyr at kommuneøkonomien sannsynlegvis ikkje vil vekse like mykje i framtida som dei siste tiåra.


I planlegginga og budsjetteringa må vi ta omsyn til både korleis vi kan utnytte moglegheiter og korleis vi kan møte utfordringane.

4.2. Demografi og folketal

Gulen kommune har eit mål om å auke folketalet. Utgiftsbehovet til ein kommune er knytt til utvikling og samansetjing i befolkninga. Folketalet i Gulen etter 4 kvartal 2020 var 2 272. Folketalsutviklinga er negativ, utviklinga i Vestland og landet er positiv, men dei fleste kommunane opplever ein aldrande befolkning.


Figuren under viser SSB sine framskrivingar av befolkningsutviklinga i Gulen dei neste ti åra for dei aldersgruppene som er dei tyngste brukarane av kommunale tenester.

Figur 3; Befolkningsframskriving yngre og eldre aldersgrupper:



Figuren over viser at SSB forventar at innbyggjarane i skulepliktig alder og born i barnehagealder vil gå noko ned i økonomiplanperioden. Dei påfølgande åra blir det forventa ein moderat vekst for barn i barnehagealder, medan born i skulepliktig alder vil fortsette å synke noko. Nedgangen er ikkje like markant som i mange andre kommunar, men nedgangen kan likevel være utfordrande. Kompetansereforma sett mellom anna krav til auka spesialpedagogisk kompetanse, og med mindre einingar kan det blir meir krevjande å rekruttere denne kompetansen og det kan bli meir kostnadskrevjande.

Figur 4: Befolkningsframskriving eldre aldersgrupper



Figuren ovanfor viser forventa utvikling i dei eldre aldersgruppene. Dei neste 10 åra vil aldersgruppa mellom 80 og 90 år auke med om lag 60 prosent, aldersgruppa over 90 år med om lag 10 prosent og aldersgruppa 67 – 79 år. Sjølv om den store auke først kjem etter 2025, vil det allereie i denne økonomiplanperioden vere ein auke, særleg i aldersgruppa over 90 år.

For å møte denne utfordringa må Gulen kommune allereie no innrette våre tenester slik at vi kan ha god kvalitet samstundes som den økonomiske berekrafta vert sikra. Vi brukar i dag mykje meir ressursar på både helse og omsorg, skule og barnehage enn andre distriktskommunar på vår KOSTRA gruppe. Kostnadsauke innan helse- og omsorg vil difor



ikkje verte kompensert gjennom staten sine overføringar og kompensasjonsordningar. For å sikre gode berekraftige tenester lyt vi difor tilpasse tenestene i forhold til det auka behovet som vi veit kjem.

For å møte utfordringa har vi starta eit arbeid for å styrke budsjett- og økonomistyringa, som blant anna skal sikre at vi får ei betre kopling mellom kommunen sine planverk, økonomiplanen og budsjettet. Vi har også begynt eit arbeid innan helse- og omsorg som mellom anna skal vurdere om det er tiltak vi kan gjere, både på kort og lang sikt, for å styrke oppfølginga av helse- og omsorgsplanen som ble vedteken i 2017.

Dette utviklingsarbeidet vil ein gjere i samanheng med kommunen si oppfølging av Stortingsmelding 15 (2017-2018) *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*, som viser korleis kommunen kan arbeide for at fleire eldre kan halde seg friske og funksjonsfriske lenger og korleis tenestene kan arbeide førebyggjande og nytenkande for å lukkast med dette. Samhandling om kompetanse og ressursar er viktige grep, det same er tidleg innsats og brukarmedverknad. Dette inneber haldningsendringar, ny kunnskap og aktive leiargrep på alle nivå. Stortingsmelding 15 har tydelege og konkrete skildringar om kva grep kommunen kan ta for å redusere behovet for sjukeheims plassar og på å mobilisere til ein aktiv alderdom.

4.3. Den teknologiske utviklinga

Den teknologiske utviklinga gir moglegheiter for å utvikle tenestene. Den teknologiske utviklinga gjev moglegheiter for å utvikle tenestene. Gulen kommune satsar på ny teknologi, mellom anna gjennom eit samarbeid med våre nabokommunar. Vi jobbar aktivt for at teknologisk utvikling skal bli tatt inn i tenestene til det beste for kommunen sine innbyggjarar. Slike teknologiske løysningar kan både bety meir effektive tenester, men også bidra med auka tilfredsheit hos brukarane av tenestene og hos kommunen sine medarbeidarar. Gevinstar av desse prosessane har enno ikkje realisert seg.

For å få til å utnytte teknologien må vi utvikle vår kompetanse, og tileigne oss ny kompetanse på område vi ikkje er gode nok på. Vi må styrke både den overordna kompetansen, og kompetansen på å utnytte moglegheitene ut i tenestene.

I økonomiplanperioden vil vi styrke fokuset på teknologi og digitalisering.

4.4. Utanforskning

Eit berekraftig velferdssamfunn føreset at fleire deltek i arbeidslivet og fleire står lenge i arbeid. Dei siste åra er det to statlege satsingar som i veldig stor grad skildrer korleis vi skal løyse ein del av utfordringa knytt til auka utanforskning.

Stortingsmelding 6 (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, dreier seg om tidleg innsats, inkluderande fellesskap og samhandling mellom tenester. Den har mykje til felles med Stortingsmelding 15 (2017-2018) *Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*. Sjølv om den første dreier seg om tenester innan oppvekst og den andre handlar om framtida si eldreomsorg, har begge satsingane eit sterkt søkelys på det



førebyggjande arbeidet. Skal vi ha eit berekraftig samfunn i framtida, må vi førebygge mange av dei utfordringane vi ser i dag.

Hovudtiltaka som vert føreslått i Stortingsmelding 6, (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, er å iverksette tidleg innsats gjennom handlingsplikt, flytte kompetanse nærare brukaren og betre samhandling mellom instansar og med born og deira føresette. For å få dette til må vi utvikle nye arbeidsformer, og sikre at vi har kompetanse og gjennomføringskraft til å iverksette endringane. Det viktigaste bidraget for å hindre utanforskap er kanskje ein oppvekstsektor som samhandlar, og som har kompetanse til å oppdage og handle og som finn gode løysingar saman med born/unge og deira familiar.


I økonomiplanperioden vil vi møte disse utfordringane ved tett samarbeid på tvers og å halde fokus på dette i alle nivå i organisasjonen.

Gulen kommune er i dag i den heldige posisjonen at vi har høg sysselsettingsgrad.

5. Handlingsregel og måltal

5.1 Handlingsregel

Gulen kommune har i dag høge frie inntekter per innbygger. Havbruksfondet og NORM-inntektene bidrar til at kommunen har eit økonomisk handlingsrom.



På grunn av den demografiske utviklinga er det ein høg risiko for at kommunen sin økonomiske handlingsrom gradvis vil bli redusert som følgje av eit høgt kostnadsnivå i drifta av tenestene. Handlingsrommet til å investere i nye satsingar vil då verte begrensa.

For å ivareta det økonomisk handlingsrommet, og nå dei ambisjonar og mål vi set i kommuneplanen, må vi tilpasse nivået på drifta av tenestene for å møte dei økonomiske konsekvensane som fylgjer dei demografiske endringane. Dette inneberer at vi må redusere einheitskostnadane på drift innan både omsorg og oppvekst.



I sak frå juni 2021 om «Rammeføresetnader til budsjett og økonomiplan 2022-2025» vart det vedteke ein handlingsregelen for å skjerme bruken av Havbruksfondet og NORM-inntektene frå drifta i kommunen. Det vart vedteke at desse inntektene berre skal kunne nyttast til investeringar knytt til kommuneplanen sine mål, eller satsingar utan auke på driftsbudsjettet utover 2 år. Ein effekt av dette er at innmeldte tiltak i drifta ikkje kan vare meir enn 2 år, med mindre rammoverføringar frå staten tek høgde for ei varig endring (det kan vere nasjonale satsingar).

Handlingsregelen er meint å skulle ivareta det økonomiske handlingsrommet på sikt, og gjere kommunen i stand til å etablere nye satsingar og investeringar som støtter opp under den nye kommuneplanen sine mål og nye behov framover.

Budsjettåret 2022 er første året kommunen skal budsjettere etter den nye handlingsregelen. Basert på den økonomiske effekten av dagens drift er realiteten at kommunen må nytte fleire år på å omstille seg for å klare kravet i handlingsregelen.

Ser ein litt overordna på budsjettet så er det lagt opp til å nytte om lag kr 27,2 mill av dei kr 38 mill i ekstraordinære midlar i 2022. Av dette kvalifiserer berre omlag kr 6 mill til definisjonen «*satsing utan auke på driftsbudsjettet utover 2 år*». Administrasjonen ser difor behov for å nyansere handlingsregelen noko.

I det å skulle ivareta det økonomiske handlingsrommet ligg å kunne omstille drifta raskt. I budsjettet i dag nyttar kommunen mellom kr 2 og 3 mill. til tilskot og andre satsingar som kommunen i realiteten kan kutte frå eit år til eit anna dersom situasjonen krev det. Bruk av ekstraordinære midlar til slike formål kan difor forsvarast.

I tillegg er det behov for å ha ei overgangsordning som dei første åra tillet større del av inntektene nytta i ordinær drift. Det er lagt opp til ei nedtrapping på kr 5 mill. pr år.

Dette kan forsvarast på bakgrunn av følgande:

1. Det er pr i dag ingen indikasjon på at ordninga med Havbruksfond skal opphøre.
2. Det er lagt opp til større innsparingar utover i økonomiplanperioden
3. Kommunen går ikkje under måltal på disposisjonsfond i 4 årsperioden

Det er viktig å merke seg over at kommunen har høge inntekter og lav gjeldsgrad, og må difor kunne bruke noko tid på gjere omstillingar i den langsiktige drifta. Omstillingar må til for å utvikle økonomisk handlingsrom for berekraftig utvikling.

5.2 Måltal

Ny kommunelov inneheld ein ny generalregel som slår fast at kommunane skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handlingsevna blir ivareteke over tid. Den nye kommunelova inneheld no ein lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Lova seier ingenting om kva måltala skal vere, og kommunen må sjølv definere gode og relevante måltal.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) seier at kommunar med sunn og berekraftig økonomi, og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved



netto driftsresultat på minimum 1,75%, netto lånegjeld på 50% og disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekter.


Gulen kommune legg til grunn følgjande måltal:

- **Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 0% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 1%**

Samandrag hovudoversikt	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
Brutto driftsinntekter	-330 647 993	-302 725 797	-318 936 915	-294 984 715	-310 772 715	-293 657 715
Brutto driftsutgifter inkl avskrivningar	294 386 807	308 318 202	310 861 000	301 979 231	298 301 331	297 936 531
Brutto driftsresultat	-36 261 185	5 592 405	-8 075 915	6 994 516	-12 471 384	4 278 816
Brutto driftsresultat i % av brt. driftsinntekt	10,97 %	-1,85 %	2,53 %	-2,37 %	4,01 %	-1,46 %
Netto finanspostar	6 907 199	7 811 400	9 578 000	11 221 000	11 943 000	13 208 000
Motpost avskrivningar	-8 976 683	-10 683 150	-10 386 600	-10 386 600	-10 386 600	-10 386 600
Netto driftsresultat	-38 330 669	2 720 655	-8 884 515	7 828 916	-10 914 984	7 100 216
Netto driftsresultat i % av brt. driftsinntekt	11,59 %	-0,90 %	2,79 %	-2,65 %	3,51 %	-2,42 %
Netto avsetningar	38 330 669	-2 720 655	8 884 515	-7 828 916	10 914 984	-7 100 216
Rekneskapsmessig resultat	0	0	0	0	0	0

At kommunen her legg seg under teknisk berekningsutval si anbefaling kan forsvarast så lenge disposisjonsfond ligg på over 20% av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultatet varierer mykje i Gulen kommune som følgje av inntekter vi får frå Havbruksfondet. Grafen under viser korleis måлтаlet i økonomiplanperioden varierer. Budsjettforslaget for 2022 viser netto driftsresultat på 2,79% av inntektene, deretter blir det -2.65% i 2023, 3,51% i 2024 og - 2,42% i 2025.




I økonomiplanperioden jobber vi oss mot eit måltal på 1%. Dersom ein ser 2 og 2 år ilag (1 med høge inntekter + 1 med lågare inntekter) så er utviklinga positiv. Det er viktig å merke seg at faktisk resultatgrad i perioden 2017 – 2020 har hatt eit snitt på 6.6%. I 2020 var måлтаlet på 11,6%.



- **Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av br. driftsinntekter) på maksimalt 90 %:**

Lånegjeld vedk investeringar	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
IB 01.01 Lånegjeld	152 550 229	174 166 153	185 710 353	191 156 553	194 286 553	207 656 553
Avdrag	-8 384 076	-9 600 000	-10 500 000	-11 100 000	-11 700 000	-12 640 000
Nye låneopptak	30 000 000	21 144 200	15 946 200	14 230 000	25 070 000	32 170 000
UB 31.12 Lånegjeld	174 166 153	185 710 353	191 156 553	194 286 553	207 656 553	227 186 553
Netto lånegjeld i % av br. driftsinntekt	52,7 %	61,3 %	59,9 %	65,9 %	66,8 %	77,4 %

Gjeldsgraden til kommunen er litt aukande i planperioden. Vi ligg under måltalet på 90%, men grunna investeringar som symjehall og visningsbygg på Gulatinget vil gjeldsgraden auke i 2024 og 2025.




- **Disposisjonsfond på minst 20 % av brutto driftsinntekter:**

Disposisjonsfond	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
IB 01.01 Disposisjonsfond	74 180 240	101 892 457	76 146 756	80 744 730	74 804 273	87 607 716
15400 Avsetningar til disp.fond	27 712 217	2 277 699	38 250 000	16 340 000	32 750 000	15 610 000
19400 Bruk av ubundne fond drift	0	-3 455 300	-27 477 026	-22 280 457	-19 946 557	-20 821 757
09400 Bruk av ubundne fond investering	0	-24 568 100	-6 175 000	0	0	0
UB 31.12 Frie disposisjonsfond	101 892 457	76 146 756	80 744 730	74 804 273	87 607 716	82 395 959
Frie disp.fond i % av br. driftsinntekt	30,82 %	25,15 %	25,32 %	25,36 %	28,19 %	28,06 %



Disposisjonsfondet vil i inngangen til 2022 ligge på kr 76,1 mill. I 2022 er det lagt opp til å setje av kr 4,59 mill, og fondet vil auke til kr 80,74 mill i utgangen av 2022. Det er foreslått å bruke 6,175 mill av ubunde fond til investeringar i 2022, medan resten av perioden vil investeringane bli lånefinansiert.





6. Inntektene til Gulen kommune

Løyvingar drift, jf. Forskrift § 5-4 (1A)						
Oversyn over løyvingar- drift (budsjett)	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
1 Rammetilskot	104 543 093	105 445 000	103 990 000	103 990 000	103 990 000	103 990 000
2 Inntekts- og formuesskatt	81 292 395	85 383 000	89 280 000	89 280 000	89 280 000	89 280 000
3 Egedomsskatt	24 429 621	24 200 000	24 100 000	24 100 000	24 100 000	24 100 000
4 Andre generelle driftsinntekter	32 981 732	8 909 700	33 749 800	11 461 800	27 799 800	10 659 800
5 Sum generelle driftsinntekter	243 246 841	223 937 700	251 119 800	228 831 800	245 169 800	228 029 800
6 Sum bevilgninger drift, netto	198 008 973	218 846 955	232 657 285	225 439 716	222 311 816	221 922 016
7 Avskrivninger	8 976 683	10 683 150	10 386 600	10 386 600	10 386 600	10 386 600
8 Sum netto driftsutgifter	206 985 656	229 530 105	243 043 885	235 826 316	232 698 416	232 308 616
9 Brutto driftsresultat	36 261 185	-5 592 405	8 075 915	-6 994 516	12 471 384	-4 278 816
10 Renteinntekter	1 536 487	980 000	1 407 000	1 407 000	1 407 000	1 407 000
11 Utbytter	2 270 712	2 770 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
12 Gevinst/ tap finansielle omløpsmidl.	0	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	2 330 322	1 961 400	2 985 000	4 028 000	4 150 000	4 475 000
14 Avdrag på lån	8 384 076	9 600 000	10 500 000	11 100 000	11 700 000	12 640 000
15 Netto finansutgifter	-6 907 199	-7 811 400	-9 578 000	-11 221 000	-11 943 000	-13 208 000
16 Motpost avskrivninger	8 976 683	10 683 150	10 386 600	10 386 600	10 386 600	10 386 600
17 Netto driftsresultat	38 330 669	-2 720 655	8 884 515	-7 828 916	10 914 984	-7 100 216
Disponering/ dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	-13 992 502	-25 153 100	-6 175 000	0	0	0
19 Netto avs./ eller bruk bundne driftsfond	-654 877	2 128 054	1 888 459	1 888 459	1 888 459	1 888 459
20 Netto avs./ eller bruk disposisjonsfond	-23 683 291	25 745 701	-4 597 974	5 940 457	-12 803 443	5 211 757
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
22 Sum disponeringer/ dekning av netto drift	-38 330 669	2 720 655	-8 884 515	7 828 916	-10 914 984	7 100 216
23 Fremført til inndekning senere år	0	0	0	0	0	0

Oversynet over syner kommunen sine generelle driftsinntekter. Viktige postar er rammetilskot, inntekts- og formuesskatt og egedomsskatt. I tillegg kjem posten Andre generelle driftsinntekter, som inneheld statlege overføringar frå Havbruksfondet, tilskot til busetjing av flyktningar og rente- og avdragskompensasjon. Summen av postane over er dei generelle inntektene til kommunen, som vi kan «finansiere» drifta vår med.

6.1 Rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Rammetilskot og inntekts- og formuesskatt vert fordelt mellom kommunane gjennom Inntektssystemet. Målet med inntektssystemet er å omfordele midlar på ein måte som gjer at innbyggjarane kan rekne med å få eit likeverdig tilbod uansett kva kommune dei bur i. Gulen kommune har høgare inntekter pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet gjennom inntektssystemet, som i stor grad skuldast høgt utgiftsbehov på grunn av mange eldre innbyggjarar og store reiseavstandar (Gulen har 5. høgast reiseavstandar i landet, målt ut frå kriteria i inntektssystemet).



Ved utrekning av rammetilskot og skatteinntekter er KS sin «Prognosemodell for inntektssystemet», versjon 2105 (etter tilleggssprp.), lagt til grunn. Summane er oppgitt på 2022-nivå. Skatteveksten er rekna som landsgjennomsnittet. Finansdepartementet reknar med 1,3 % auke i kommunale skatteinntekter i 2022, med redusert kommunal skattøyre frå 12,15 % i 2021 til 10,95 % i 2022. I åra 2023-25 er skatteinntektene rekna å vere på same reelle nivå som i 2022.

Hovudoversynet er basert på same tal innbyggjarar som pr 01.07.21 i heile planperioden (2235). Om folketalet aukar framover vil inntektene auke. Om folketalet går ned, vert både skatteinntektene og rammetilskota lågare. Eventuelt tap vert noko dempa av INGAR (inntektsgarantiordning), som gjeld rammetilskot, men ikkje skatteinntekter.

Dei ordinære skjønsmidlane er inkludert i rammetilskotet med kr 0 i 2022 og tilsvarande dei andre åra i planperioden. Gulen kommune ser ut til å få nominelt 0,2 % samla auke frå 2021 til 2022 gjennom inntektssystemet, etter at til saman kr 1,4 mill. i kompensasjon for barnevernreforma frå 01.01.2022, satsing på helsestasjon og skulehelseteneste og bortfall av maskinskatt (del av eigedomsskatten) er inkludert og koronarelaterte tilskot i 2021 er trekt ut av grunnlaget. Ekstra tilskot til ressurskrevjande brukarar ligg i tala med kr 3 mill. Pris- og lønsveksten (kommunal deflator) er rekna til 2,5 % i 2022, og den reelle veksten i skatt og rammetilskot ser såleis ut til å verte negativ for Gulen kommune i budsjettåret.

6.2 Eigedomsskatt

Gulen kommune har maksimale satsar for eigedomsskatt, med generell skattesats på 7 promille og 4 promille for eigedommar for bustad og fritidsbustad. Satsen for bustad- og fritidsbustadeigedommar vart redusert frå 7 til 5 promille i 2020, og vidare til 4 promille i 2021, i tråd med lovmessige endringar for maksimalsatsane.

Omlegging av regelverket for næringsobjekt frå 2019, med bortfall av «maskinskatten», vil gje stadig lågare skattegrunnlag framover, om lag kr 350 000 årleg. Når heile tapet er fasa inn etter 7 år er det årlege tapet rekna å verte om lag kr 2,4 mill. Noko av tapet vert kompensert gjennom rammeoverføringane.

Nye skatteobjekt i kommunen vert takserte etter kvart, og er rekna å gje noko årleg skatteauke framover. Dette kompenserer noko for at takstgrunnlaget er fast i 10 år, og såleis ikkje held tritt med løns- og prisutviklinga. Når nivået på eigedomsskatt er rekna som i 2022 heile planperioden (målt i 2021-prisar), inneber dette at nokre nye takstobjekt er venta kvart år. Større prosjekt som landbasert oppdrett, vass- og vindkraft og vidare industriutvikling i Fensfjordområdet kan og gje nye inntekter i perioden, men dette er førebels ikkje lagt inn.

6.3 Andre generelle driftsinntekter

Havbruksfondet:

Stortingsmelding nr 16 (2014-2015) – Havbruksmeldinga – la grunnlaget for auka inntekter til kystkommunane frå havbruksnæringa. Grunngevinga for etablering av eit havbruksfond ble gitt i framlegg til statsbudsjett 2017: «Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringen har derfor i samsvar med Stortingets forutsetninger etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye lakse- og ørretkonsesjoner og økt kapasitet på eksisterende konsesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. januar 2016, der det kreves vederlag til staten.»



Gulen kommune fekk på grunnlag av kommunen sin andel av den totale produksjonskapasiteten for laks, ørret og regnbueørret i Noreg tildelt kr 722 000 frå det nasjonale havbruksfondet i 2017, og høvesvis kr 36,2 mill. og kr 7,8 mill. i 2018 og 2019. Ordninga vart endra av Stortinget i juni 2020, slik at kommunane frå 2022 vil få 40 % av vederlaget frå kapasitetsauke i tillegg til ei produksjonsavgift på 40 øre pr kg laks og aure i staden for 80 % av vederlaget. Sum til fordeling mellom kommunane for åra 2020 og 2021 vart samstundes sett til høvesvis kr 2,25 mrd. og kr 1 mrd., av dette fekk Gulen kommune kr 28,8 mill. i 2020 og kr 8,9 mill. i 2021.

Det er venta at opplegget med konsesjonsrunder annakvart år held fram, og at den neste vert i 2022. Sum til fordeling vil avhenge av volum og oppnådd vederlag. Gulen kommune sin del vil avhenge av kommunen sin andel av den totale produksjonskapasiteten. I åra mellom konsesjonsrundene er ordninga noko forenkla sagt slik at 1/8 av vederlaget frå året før har vore halde att, og desse midlane vert fordelt mellom kommunane i mellomåret dels ut frå klarert lokalitets-MTB (maksimal tillete biomasse) pr 1. september siste toårsperiode og dels som produksjonsavgift.

Havbruksinntekter frå åra med konsesjonsrundar er lagt inn i handlings- og økonomiplanen med kr 32,25 mill. i 2022 og kr 26,75 mill. i 2024. I mellomåra 2023 og 2025 er inntekta lagt inn med høvesvis kr 10,34 mill. og kr 9,61 mill., som inneber noko ny klarert lokalitets-MTB. Det er rekna med at utviklinga dei siste åra, der andre kommunar, særleg i dei nordlegaste fylka, har fått tildelt mykje av kapasitetsveksten, vil halde fram, slik at Gulen får gradvis lågare andel av produksjonskapasiteten i landet.

Tilskot til busetting og integrering av flyktningar:

Tilskotet har vore gradvis lågare dei siste åra, og er lagt inn med kr 450 000 i 2022 og kr 72 000 i 2023. Dei siste to åra i planperioden er det ikkje lagt inn inntekter frå staten til integrasjon av flyktningar.

Rente- og avdragskompensasjon:

Kommunane får kompensasjon for meirutgifter til investeringar i omsorgsbustader på slutten av 1990-talet, og til gjennomføring av eineromsreforma. Kompensasjonen skal dekkje rente- og avdragsutgifter, og vert gradvis lågare som følgje av reduserte renteutgifter på det kalkulerte låneopptaket.

«Skulepakken», ei kompensasjonsordning til investeringar i skule og symjeanlegg som berre dekkjer renteutgiftene, er aktivert frå 2016. Kommunane får og rentekompensasjon for investeringar i kyrkjebygg.

6.4 Sum generelle driftsinntekter

Summen av generelle inntekter er litt i overkant av kr 250 mill. Driftsrammene er kr 232, 4 mill. (netto) etter at driftsinntektene er korrigerert for avskrivningar, statlege tilskot som blir ført rett i drifta, konsesjonskraft, NORM kompensasjon, pensjonspremie og sjølvkost. Brutto driftsresultat vert positivt på kr 8,3 mill. sidan inntektene frå Havbruksfondet er stort i 2022.



6.5 Finanspostar

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter er lagt inn i planperioden med 1,5 %, ut frå noverande rentenivå og prognoser frå Norges Bank. Noko av renteinntektene høyrer til bundne fond, og må difor først ut av drifta att under posten Bundne avsetningar.

Utbytte frå BKK og Sogn og Fjordane Holding er rekna inn med vidareføring av noverande nivå i planperioden.

Renteutgifter og avdrag

Renteutgifter er lagt inn i planperioden med 2,0 %, ut frå noverande rentenivå og prognoser frå Norges Bank.

Avdrag er rekna ut frå 25 års løpetid på nye lån, og syner gradvis auke i planperioden som følge av netto aukande lånegjeld i perioden. Tabellen under syner nye låneopptak i planperioden.

Lånegjeld vedk. investeringar	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
IB 01.01 Lånegjeld	152 550 229	174 166 153	185 710 353	191 156 553	194 286 553	207 656 553
Avdrag	-8 384 076	-9 600 000	-10 500 000	-11 100 000	-11 700 000	-12 640 000
Nye låneopptak	30 000 000	21 144 200	15 946 200	14 230 000	25 070 000	32 170 000
UB 31.12 Lånegjeld	174 166 153	185 710 353	191 156 553	194 286 553	207 656 553	227 186 553
Netto lånegjeld i % av br. driftsinntekt	52,7 %	61,3 %	59,9 %	65,9 %	66,8 %	77,4 %



7. Drifta til Gulen kommune


Løyvingar pr. rammeområde						
Oversyn over løyvingar- drift	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
1xx Leiar Sentraladministrasjonen	31 783 907	35 112 528	40 828 265	37 120 096	36 250 096	36 420 096
2xx Oppvekst	63 865 791	67 817 541	72 815 280	69 449 280	68 449 280	67 449 280
3xx Helse og omsorg	96 008 700	97 790 128	104 518 517	103 982 517	103 482 517	102 982 517
4xx Plan, landbruk og teknisk/ eigedom	33 036 472	34 240 454	37 780 864	36 856 864	35 196 864	35 196 864
Sum drift	224 694 870	234 960 651	255 942 926	247 408 757	243 378 757	242 048 757
Korr. Avskrivningar, avsettingar m.m.	26 685 897	16 113 696	23 285 641	21 969 041	21 066 941	20 126 741
6 Sum bevilgninger drift, netto	198 008 973	218 846 955	232 657 285	225 439 716	222 311 816	221 922 016

Under kjem ein presentasjon av driftsbudsjettet. Det er fyrste gang kommunen presenterer drifta på tenestenivå, dette meiner vi kan vere med å skape betre forståing av kva tenestene til kommunen faktisk kostar. Etter ny samfunnsplan er vedteke, vil det bli meir fokus på måloppnåing knytt til dei nye målsettingane som vil komme. Det kan bli aktuelt å endre på inndelinga av tenestene etter samfunnsplanen er godkjent. Alle tenestene har same oppbygging med ein generell innleiing, deretter skildringa av budsjettet, nye tiltak som ligg i budsjettframlegget og til slutt utfordringar det blir arbeidd med.

7.1 Barnehage

Vi har 5 barnehagar i kommunen vår. Alle barnehagebygga er forbetra eller nye. Brekke barnehage blei utbetra i 2017. Det kom ny barnehage i Eivindvik i 2014, og på Byrknes vart nybygget ferdig i 2020, som erstatta dei gamle bygga. I 2018 kom det ny barnehage i Hovden. Dalsøyra vart påbygd i 2000. Barnetalet har dei siste 5 åra hatt følgjande utvikling:

Born i kommunale barnehagar, fordelt på einingane						
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Hovden	Eivindvik	Samla tal
15.12.2017	25	16	34		37	112
15.12.2018	28	16	40		33	116
15.12.2019	30	16	34		35	115
15.12.2020	24	19	10	19	29	101
04.11.2021	26	21	10	14	17	88





Skildring av framlegg til budsjett:

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
200	Leiar oppvekst	578 441	525 674	286 000	286 000	286 000	286 000
211	Brekke barnehage	4 326 559	4 066 663	3 989 758	3 989 758	3 989 758	3 989 758
212	Byrknes barnehage	2 812 626	4 006 158	4 205 737	4 205 737	4 205 737	4 205 737
213	Dalsøyra barnehage	6 131 297	6 308 901	5 568 238	4 388 238	4 388 238	4 388 238
214	Eivindvik barnehage	5 448 414	4 891 584	5 313 894	5 313 894	5 313 894	5 313 894
	Bhg, styrka tilbod førskule, PPT	19 297 337	19 798 980	19 363 627	18 183 627	18 183 627	18 183 627

Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Driftsomlegging Dalsøyra/ Hovden barnehage**, kr -980 000 i år 2022, heilårsverknad kr. -2 160 000 i åra 2023- 2025.

Ein ser drifta av Hovden og Dalsøyra barnehage under eitt. Viss arealnorma tillèt det, samlar ein alle borna i éin barnehage. Dette er reversibelt og kan endrast viss arealnorma ikkje lengre vert innfridd. Den desentralisert skule- og barnehagestrukturen, med eigne krinsar i fire bygdesentrum, peikar på at Dalsøyra bør prioriterast viss det er kapasitet der. Samlokalisering mellom skule og barnehage gjer òg at overgangen vert liten og kjennest trygg for dei små. Det vert enklare å gjennomføre førskuledagar, samarbeid knytt til den kulturelle skulesekken osv. Skulen på Dalsøyra har òg areal barnehagen kan disponere, som t.d. samfunnshus og gymsal.

*) jf KOM vedtak vart innsparing på kr 980 000 i 2022 tatt ut.

Foreldrebetaling i barnehage vil auke med kr pr. måned frå 01.01.22, ny makspris for 100% barnehageplass er sett til kr 3 315 pr. måned.

Utfordringar det blir arbeidd med:

Barnehagestrukturen med fem barnehagar utfordrar bemanningsnorma og pedagognorma. Kommunen klarar samla sett å halde begge normene, men det er utfordrande å klare det i fem barnehagar. Det blir meirkostnader dersom ein skal halde normene i fem barnehagar. Pedagognorma inneber at det skal vere minst éin pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst éin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

Bemanningsnorma seier at ein skal vere éin vaksen per tre barn under tre år, og éin vaksen per seks barn over tre år. Nokon av barnehagane slit med sjukefråvær/vikarorganisering. Spesialpedagogiske vedtak. Det er utfordrande å ha riktig spesialpedagogisk kompetanse i barnehagane.

IKT utstyr og kompetanse i barnehagane. På same måte som for skulen er delar av IKT-utstyret av eldre dato. Det har heller ikkje vore like lang tradisjon for at ein har jobba med IKT-kompetansen i barnehagane, som i skulen.



7.2 Skulefritidsordning

Kvar oppveksteining har eigen skulefritidsordning.

Skildring av framlegg til budsjett:

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
211	Leiar Brekke barnehage og skule	198 130	348 962	470 041	470 041	470 041	470 041
212	Leiar Byrknes barnehage og skule	259 717	401 071	409 783	409 783	409 783	409 783
213	Leiar Dalsøyra barnehage og skule	143 951	237 801	182 365	182 365	182 365	182 365
214	Leiar Eivindvik barnehage og skule	556 481	442 264	377 568	377 568	377 568	377 568
	Skulefritidsordning	1 158 279	1 430 098	1 439 757	1 439 757	1 439 757	1 439 757

Utfordringar det blir arbeidd med:

Arbeid med kvalitetsutvikling. Dette arbeidet er knytt til ny rammeplan og eigne årsplanar.

Vikarorganisering. Tenesta vert sårbar om ein ikkje får til samhandling/samarbeid med barnehage og skule.

7.3 Skule

Gulen kommune har 4 skular med 1- 10 trinn. Utviklinga av elevar dei siste 5 åra viser ein nedgang frå 281 elevar til 237, dette er ein nedgang på 44 elevar.

Elevar, fordelt på skulane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.2017	81	53	64	83	281
01.10.2018	73	48	65	80	266
01.10.2019	65	49	64	76	254
01.10.2020	61	48	64	73	246
01.10.2021	55	55	58	69	237

Skildring av framlegg til budsjett:

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
200	Leiar oppvekst	1 588 491	2 094 467	1 431 000	335 000	335 000	335 000
211	Brekke skule	8 650 024	9 394 790	10 310 921	10 250 921	10 250 921	10 250 921
212	Byrknes skule	7 370 970	7 884 475	8 851 475	8 851 475	8 851 475	8 851 475
213	Dalsøyra skule	8 574 439	9 692 496	10 726 731	10 726 731	10 726 731	10 726 731
214	Eivindvik skule	11 743 585	12 265 736	13 399 422	13 349 422	13 349 422	13 349 422
	Skule, vaksenopplæring og PPT	37 927 508	41 331 964	44 719 549	43 513 549	43 513 549	43 513 549

Det er ein auke i budsjettet frå 2021 til 2022 på kr 3,3 mill. Dette skuldast blant anna auka lønsutgifter på lærarar, som har fullført vidareutdanning, og som blir lønna ut frå mastergrad. I tillegg er nye enkeltsaker med spesialundervisning ein del av det.



Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Årleg auke i IKT utgifter**, kr 100 000 per skule og barnehage, til saman kr 400 000. IKT-utstyr – datamaskiner og digitale skjermar til elevar og møterom. Skular og barnehagar treng regelmessig fornying av IKT-utstyret. Det er vanleg å rekne ei levetid på 5 år. Tiltaket tek utgangspunkt i samla tal PC-ar til elevar, klasserom og tilsette, samt nødvendig tal digitale skjermar i skule og barnehage. Det er òg eit aukande behov for møterom med gode digitale løysingar. Per no er det ikkje tilfredsstillande møterom på oppveksteiningane.

- **Utstyr til kunst og handverk ved Brekke skule, kr 60 000.**

Skulen manglar ein del verktøy ved sløydsalen, samt nye elevskap der elevane kan lagre ting dei har laga.

- **Driftsomlegging skule, kr -660 000 i 2022, heilårsverknad kr -1 456 000 2023-2025**

Ved å samle fleire trinn i større elevgrupper vil ein kunne spare nokre lærarstillingar. Ein vil då ikkje lengre ha like god lærartettleik, som ein har per i dag. SSB forventar at innbyggjarane i skulepliktig alder og born i barnehagealder vil gå ned i økonomiplanperioden. Dei påfølgande åra forventast ein moderat vekst for born i barnehagealder, medan reduksjonen vil halde fram for born i skulepliktig alder.

Det er ikkje lagt opp til å kutte faste stillingar. Ein gjer innsparinga ved å naturlege avgangar, reduksjon i mellombelse stillingar og at ein legg til rette for vidareutdanning utan å ta inn vikar. Konsekvensar av tiltaket er at det vert mindre fleksibilitet i drifta.

- **Læreverk, kr 300 000 i 2022.**

Tiltaket er ein forlenging av tiltaket frå 2020 og 2021.

- **Strukturtiltak, kr 1 000 000 i 2024 og kr 2 000 000 i 2025**

Organisering av skuletilbodet må vurderast i økonomiplanperioden. Nivå på samla utgifter kommunen bruker på oppvekstsektoren er ikkje berekraftig på sikt. I første del av økonomiplanperioden er det lagt opp til driftsomlegging, tilpassing av undervisningsopplegg knytt til små klassar / høg lærartettleik.

Utover i økonomiplanperioden må det vurderast om denne tilpassinga kan vidareførast på ein forsvarleg måte. Alternativet er å sjå på andre tiltak som struktur i kommunen, i samarbeid med Masfjorden kommune eller om evt meir digital samhandling/undervisning kan gje tilstrekkeleg økonomisk effekt.

- **Utstyr kunst- og handverk, Brekke skule, kr 60 000**

Skulen treng ny oppbevaring av utstyr på kunst og handverkssalen, nye elevskåp og ein del nytt verktøy til sløydsalen.

Skulen manglar ein del småverktøy på sløydsalen, samt nye elevskåp der elevane kan lagre ting dei har laga i kunst og handverk. Skulen treng og ei god løysing på lagring av kunst og handverkutstyr på systova.

- **Spesialundervisning, Byrknes skule, kr 110 391**



Tiltaket gjeld enkeltelevar med vedtak om spesialundervisning, og er i tråd med sakkunnig vurderinga frå PPT.

- **Oppfrisking av skulebiblioteka, Eivindvik skule, kr 50 000**

Eivindvik skule er i gang med å oppgradere skulebiblioteket. Eininga er godt i gang med å digitalisere systemet. I samband med dette arbeidet ser ein at det er trong for nye møblar, for å skape ei triveleg atmosfære og stimulere til leselyst. Midlane er tenkt til sitjegruppe, bord og nytt hyllesystem. Biblioteket ved skulen har eit flott rom, men berre gamalt utstyr.

Utfordringar det blir arbeidd med:

Lærartettleik. Norm for lærartettleik seier noko om kor mange elevar det er i snitt per lærar. Gulen kommune ligg godt innanfor denne norma. Utfordringa er her er av rein økonomisk karakter.

IKT-utstyr. Mykje av IKT-utstyret på einingane er av eldre dato. Me ynskjer difor å få på plass ei meir regelmessig rullering av utstyret.

Nye modular i det skuleadministrative systemet. Saman med dei andre IKTNH-kommunane har Gulen utvida talet på modular i Visma Flyt skule. Dette skal gjere det enklare og tryggare å drive sakshandsaming, arkivering osv. Ein vil òg få eit system for å opprette timeplanar og drive vikarhandtering.

Behov for auka kompetanse. Dette gjeld både særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, men òg spesialpedagogisk kompetanse. Sistnemnde jobbar me systematisk med opp mot den statlege ordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis».

7.4 Barnevern

Barneverntenesta i Gulen samanslått med barneverntenesta i Masfjorden 2016, der Gulen kommune er vertskommune.

Skildring av framlegg til budsjett:

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
260	Leiar barnevern	2 617 505	3 654 077	4 353 022	4 353 022	4 353 022	4 353 022

1.januar 2022 vil barnevernreforma, også omtalt som oppvekstreforma, tre i kraft. Reforma inneber at kommunane får auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne tilpasse lokale behov, med større vekt på førebygging og samanheng i alle tenester og tilbod til barn og unge. For Gulen kommune utgjer dette kr 0,9 mill., og 450 000,- for Masfjorden kommune.

Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Beredskap barnevernsvakt, kr 100 000.**

Alver barnevern ivaretek lovpålagt beredskap for barneverntenesta i Masfjorden og Gulen etter arbeidstid og fram til neste dag, gjeldande i tidsrommet etter kl. 16.00 – 08.00, døgnvakt i helgar og heilagdagar. Alver barnevern dokumenterer skriftleg etter utført oppdrag i Masfjorden og Gulen, i samsvar med avtalt praksis mellom tenesteleiar for barnevernet i Alver og leiar for barneverntenesta i Masfjorden og Gulen.



Utfordringar det blir arbeidd med:

Utfordringar knytt til barnevernsreforma/oppvekstreforma. Her jobbar me for gode løysingar for Gulen og Masfjorden, men òg i større interkommunale nettverk.

7.5 Helse og sosial

Innanfor **helse** (ansvar 310) har ein i dag fleire tenester som helsestasjon, kommunal koordinator, legesenter, fysioterapi, ergoterapi, psykisk helse og rus, tildeling av helsetenester i og utanfor institusjon og frivilligsentral.

Siste 1 og ½ år har eininga vore sterkt ramma av auke i arbeidsmengde for å handtere alle tiltaka i samband med smittevern. Legetenesta har hovudansvaret for arbeidet med testing, isolering, smittesporing og karantene, TISK-strategien. I tillegg blir det fortløpande vurdert aktuelle smitteverntiltak for å trygge lokalsamfunnet.

I denne økonomi- og handlingsplanen har ein prioritert å fortsatt satse innanfor helsesektoren. Grunngevinga er at ein for det fyrste må halde på ei robust helseteneste som i framtida òg vil klare å handtere uønska hendingar som involverer helse. Det er tilsett ein tredje lege med oppstart i i 2023. Kommunen har òg rekruttert ein lege under utdanning (LIS1), som allereie har starta opp.

Vidare er det satsa både på å ha god dekning på helsesjukepleiarhelsesjukepleiare og sjukepleiar innan psykisk helse, jamfør dei nasjonale satsingar. Vi vil då kunne arbeide med etterverknigar etter pandemiperioden.

Det er i dag 16,68 årsverk innanfor helse.

Kva gjeld **sosial**, så omfattar dette utgifter til å NAV Fensfjorden, som er eit vertskommunesamarbeid. I tillegg ligg det ytingar til livsopphald. Samla sett ligg Gulen lågt innanfor dette området. I planperioden har ein auka moderat opp. Gulen kommune sin strategi på dette område er å prioritere førebygging, jamfør satsinga innanfor helse.

Skildring av framlegg til budsjett:

Teneste		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
23100	Aktivitetstilbod til born og unge	10 258	15 500	15 800	15 800	15 800	15 800
23210	Helsestasjon/skulehelseteneste	1 715 304	2 543 682	3 031 877	3 031 877	3 031 877	3 031 877
24100	Diagnose/ behandling	109 057	155 728	261 023	261 023	261 023	261 023
24110	Legesenter	4 986 036	5 705 038	6 020 916	6 020 916	6 020 916	6 020 916
24160	Fysioterapi	868 300	1 021 610	1 017 038	1 017 038	1 017 038	1 017 038
24170	Ergoterapi	711 568	789 414	773 900	773 900	773 900	773 900
24300	Tilbod personar med rusproblem	0	0	290 160	290 160	290 160	290 160
38525	Frivilligsentral	584 881	653 093	782 735	782 735	782 735	782 735
	Helse og sosiale tenester	8 985 404	10 884 065	12 193 449	12 193 449	12 193 449	12 193 449

Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Psykolog.** Det ligg inne ein ei 60 % stilling på psykolog. Dette er ei lovfesta teneste som er planlagt saman med Masfjorden som har budsjettert med 40 %.



Utfordringar det blir arbeidd med:

Kommunen dekker alle dei lovpålagte tenestene i handlings- og økonomiperioden. Herunder ligg det dekning av kommunal psykolog, aleine eller i samarbeid med andre kommunar. Denne kompetansen er ikkje enno kome på plass.

7.6 Helse- og omsorgstenester i institusjon

Omsorgsplanen går gjennom organisering av tal institusjonsplassar/plassar i open omsorg i Gulen kommune. Denne rapporten peikar på at tal institusjonsplassar skal ned samt auke i heimebaserte tenester.

Skildring av framlegg til budsjett:

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
300	Utskrivingsklare pasientar	24 727	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000
310	Tiltaksnemnd og koordinering	340 035	366 929	362 763	362 763	362 763	362 763
371	Gulen sjukeheim	18 801 099	20 931 679	21 222 300	21 186 300	21 186 300	21 186 300
376	PU-tenesta, avlastning ¹	336 917	573 425	988 116	988 116	988 116	988 116
	Helse- og omsorg i institusjon	19 519 979	21 942 033	22 643 179	22 607 179	22 607 179	22 607 179

Budsjettet for institusjon er kring 21 mill i 2022, dette er ein moderat auke i drifta på kr 700 000. I planperioden er det, med det budsjett som no ligg inne, planlagt med 24 plasser. Dette er 4 plasser mindre enn kva lokalitetane er rigga for. Tal årsverk 34,77.

Det er ein strategi i kommunen at tal på personar i institusjon skal haldast lavt, og primært til personar med høgt pleienivå. Strategien er at det må vere ei flytande overgang mellom dei ulike tenestene innan omsorg. Korttidsopphald er ei teneste som er uavhengig av om ein har tenester frå før. Dette gjeld behandling, rehabilitering, eller utgreiing for å takle eigen livssituasjon, eller for vidare behandling på eit anna nivå. Målet er å yte tenester som gir personen støtte til å meistre kvardagen. I pandemiperioden har sjukeheimen hatt ei eiga beredskap koronaavdeling.

Nye tiltak som ligg inne i budsjettramma:

- **Golvvaskemaskin til Gulen sjukeheim kr 36 000**
Trenge enkle og gode hjelpemiddel for å klare i større grad og gjennomføre vedlikehald av golv ved Gulen sjukeheim. Vil medføre finare og lettare golv å vaske.
- **Auka grunnbemanning PU tenesta kr 250 000 (avlastningsdel)**
Grunna auka førespurnad etter avlastning er det naudsynt å auke grunnbemanninga, i 2022 vil det vere behov for 40% stilling.

Utfordringar det blir arbeidd med:

Det blir arbeidd med utfordringar knytt til å få stabile og praktikable vikarordningar. I tillegg rekruttering og etterutdanning. Det er løpande behov for vedlikehald av kompetanse.

¹ Ligg under PU teneste



7.7 Helse- og omsorgstenester til heimebuande

Skildring av framlegg til budsjett

Ansvar		R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
300	Leiar omsorg	5 661 509	5 886 119	2 665 210	2 665 210	2 165 210	1 665 210
310	Demensteam, fordelt leiarløn	947 243	1 247 807	1 860 056	1 860 056	1 860 056	1 860 056
310	Psykisk helse inkl psykolog	2 193 733	2 500 168	2 766 876	2 766 876	2 766 876	2 766 876
371	Eiv. Bu- omsorgsenter	6 481 558	7 839 325	7 820 601	7 650 601	7 650 601	7 650 601
376	PU-bustader	19 962 268	19 000 722	20 122 213	20 122 213	20 122 213	20 122 213
377	BBD bu- og omsorgsenter	23 106 682	22 157 338	25 262 917	24 932 917	24 932 917	24 932 917
	Helse- og omsorg til heimebuande	58 352 993	58 631 479	60 497 873	59 997 873	59 497 873	58 997 873

Inn under Helse- og omsorgssektoren til heimebuande ligg Sone BBD og Eivindvik bu- og omsorgsenter. Når det gjeld den del av heimetenester som gjeld Psykisk helse, så er den omtalt over under helse. Tenester til personar med særlege behov (PU tenesta) er omtalt nærmare seinare i dokumentet.

Det er på dette området auke på tal brukare, og dei har eit høgare pleiebehov fordi det er eit mål at fleire skal få bu heime i staden for å kome på institusjon. Dei siste åra har det òg skjedd ei dreining i tenesteyting og kompetansebehov i heimetenestene. Det er tidlegare utskrivning frå spesialisthelsetenesta og sjukdomstilstandar som tidlegare vart behandla på sjukehus, vert no behandla i kommunen. Vi kan òg sjå at den skildra demografiutviklinga er begynt å påvirke denne tenesta.

Open omsorg har 39 årsverk (29 sone BBD og 10 EBO). Desse årsverka yter tenester til

Heimebaserte tenester					
	2017	2018	2019	2020	2021
Tal pers. som mottar tenester	106	114	107	138	139

Status er at vi har 43 omsorgsbustader som er i bruk, Vi har to bustader til, men desse kan ikkje nyttast av dei med særlege hjelpebehov. Bu- og omsorgsentra våre er desentralisert slik at dei ligg i dei fire bygdesentera våre.

Situasjonen i dag er at 44,2% av innbyggjarar over 80 år nyttar heimetenester. Dette er noko høgt om vi samanliknar med andre kommunar. Det er òg slik at kostnadsbilete er høgare per brukar enn det inntektssystemet legg til grunn i rammeoverføringar.

Nye tiltak som ligg inne i budsjettamma:

- **Auke grunnbemanning**

Sone BBD Det er lagt inn ei auke i grunnbemanning for å møte den situasjon at tenesta har fått fleire brukare. Dette er ei auke som i realiteten allereie har lagt i drifta, men som ikkje tidlegare er rekna som ein del av grunnbemanninga.



Nye tiltak som ligg inne i planperioden:

- **Auke grunnbemanning:** Det er lagt inn ei auke i grunnbemanning for å møte den situasjon at tenesta har fått fleire brukare. Dette er ei auke som i realiteten allereie har lagt i drifta, men som ikkje tidlegare er rekna som ein del av grunnbemanninga.
- **Tilpassing open omsorg:** Det vert sett i gang eit prosjekt der kommunen skal på fritt grunnlag sjå på nivå av tenestetilbodet. Det er behov for gode økonomiske analyser for å vurdere dei økonomiske skjæringspunktane mellom dei ulike nivåa i omsorgstenesta; heim, omsorgssenter og sjukeheim. Pårørande og brukarundersøkingar vert ein sentral del av dette.
- **Generell omstilling i alminneleg drift:** I og med at kommunen har høg andel tenesteleveranser i forhold til innbyggartalet og at kostnadsbilete ligg høgare enn inntektssystemet tek høgde for, er det starta opp eit arbeid med å sjå om ein finn moglegheit for å tilpasse drifta. Vi må rigge oss for å kunne møte demografiutfordringane. Det vert sett i gang eit prosjekt i regi av tiltaksnemnda. Tiltaksnemnda skal på fritt grunnlag vurdere organisering av tenesta og også sjå på nivå på tenestetilbodet. Det er behov for gode økonomiske analysar for å vurdere dei økonomiske skjæringspunktane mellom dei ulike nivå i omsorgstenesta (heim, omsorgssenter, sjukeheim). Pårørande og brukarundersøkingar vert ein sentral del av dette arbeidet.

Det er vidare ein tanke å gå i gang med bemanningsplan i open omsorg: oversikt over tal personar som må vere tilstades på kvar vakt i løpet av ei veke, og kva kompetanse personane må ha for å utføre oppgåvene. Utifrå bemanningsplanen vert det utarbeida ein turnusplan. Med venta auke i tal eldre må drifta effektiviserast. Bruk av velferdsteknologi er venta å gje ein effekt, som kjem.

Det er lagt inn omstillingar som skal redusere alminnelige kostnadsnivå innan teneste på kr. 670 000,- i 2022, kr. 1.000.000,- kvart år frå 2023 til 2025.

Utfordringar det blir arbeidd med:

Det ligg føre ein omsorgsplan som i utgangspunktet skal gjelde frå 2016 – 2030. I denne planen er det teke omsyn til å utvikle ei berekraftig drift på dette området. Situasjonsbilete frå 2016 til i dag har endra seg så pass mykje at planen må reviderast. Dette blir gjort i samanheng med omstillingsprosjektet nemnt ovanfor. Følgjande punkt vil mellom anna bli inkludert:

- Tildeling av tenester
- Bemanningsplan
- Auke bruk av langvakter
- Auka grunnbemanning
- Struktur

I tillegg er vikarbruk og rekrutteringar for sjuke- og permisjonsfråvær ein stor utfordring. Dette blir det jobba særskilt med.



7.8 PU tenesta – heimetenester og avlastning

PU tenesta er ei teneste for brukarar med særskilde behov. Tenesta har sitt hovudsete på Dalsøyra ved bu- og omsorgssenter. Tenesta har sitt hovudsete på Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Totalt sett er det for tida 9 personar som får tenester heile døgnet. I tillegg er det mellom 2-3 på avlastning. Av dei 9 brukarane er det 3 med privat BPA tilbod. Tilsette ved PU tenesta organiserer nattetenester. Tenesta har 33, 26 årsverk.

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år.

Hovudregelen er at kompensasjonsgrad er 80 prosent av nettoutgifter ut over eit årleg fastsett innslagsnivået. Innslagsnivået for å få kompensasjon per tenestemottakar i 2022 er kr 1 520 mill. Tilskotet fordelast ut på dei einingane som har ressurskrevjande tiltak.

Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Gjennomgang utgiftssida kjøp av BPA:** Forventa innsparing på bakgrunn av juridisk vurdering av kommuneansvaret. Det vil gje ei innsparing på kr 2 000 000 kvart år i planperioden.
- **Auka grunnbemanning PU teneste:** Det er ei auke førespurnad etter avlastningstenester som gjeld barn. Ein har då valgt å auke grunnbemanning med ein 40 % stilling.
- **Auka bruk av kommunale bustadar i tenestar:** Vurdering av om kvalitet på tenesta og stabilitet kan bli betre om ein auker bruk av kommunal bustad. Dette vil òg gje ei innsparing på kr. 570 000 kvart år i planperioden.

Utfordringar det blir arbeidd med:

Her blir det jobba med vikarbruk ved sjukefråvær. Tenesta kjem òg inn under omstillingsarbeidet skildra under heimebaserte tenester.

Det er fatta eit politisk vedtak som har opna opp for private BPA ordningar. Erfaringar syner at dette har ført med seg auke på kostnadssida. Administrasjonen vil ha ein gjennomgang av ordninga.

7.9 Plan, landbruk og teknisk

PLT skal handsame søknadar innanfor tenesteområda plan, byggjesak og oppmåling i tråd med gjeldande fristar og lovverk, samt følgje opp krava som ligg til kommunane innan viltforvaltning, skogdrift og landbruksoppgåver. Den nye landbruksplanen er styrande for dette arbeidet. I tillegg har eininga ansvaret for å ha oversikt over tenesteområda feiing og brann og redning, som vert utført i interkommunale samarbeid. Fagområda miljø, klima og forureining ligg også til eininga. PLT har ei viktig rolle i samfunnsutviklinga i kommunen, og er med på å bygge opp under viktige nasjonale, tverrfaglege satsingar.

Eininga ynskjer å vere tidleg ute med digitaliseringa som skjer innan e-byggesak og e-plan. Nordhordland Digitalt er det interkommunale samarbeidet innanfor plan, byggesak og geodata, og vil vere ein sentral pådrivar for dette satsinga.



I arealplanen som no er på 2. gongs høyring har me lagt stor vekt på å få til sentrumsnær bustadutvikling i tilknytning til dei fire eksisterande sentra våre i tråd med desse strategiane, samt overordna forventningar for kommunal planlegging. Det er no moglegheiter for bustadutvikling i eller nær sentrum i alle dei fire bygdesentra. I bustadutviklinga legg me vekt på moglegheiter for å etablere fleirmannsbustadar, mellom anna som gjennomgangsbustadar og som også er tilpassa eldre. Dette er også i tråd med det som vil verte føringane i den nye samfunnsplanen.

Skildring av framlegg til budsjett:

Teneste	R- 2020	RB- 2021	B- 2022	ØP- 2023	ØP- 2024	ØP- 2025
12010 Administrativ leiging	508 646	568 387	636 180	636 180	636 180	636 180
30100 Plansaksbehandling	969 535	1 237 025	1 658 211	1 383 211	1 183 211	1 183 211
30200 Byggesaksbehandling og seksjonering	639 108	721 679	1 523 318	1 523 318	1 523 318	1 523 318
30300 Kart og oppmåling	827 934	513 093	544 401	544 401	544 401	544 401
32940 Landbrukskontor	446 371	1 020 567	425 945	425 945	425 945	425 945
32960 Veterinærvakt	441 273	328 125	314 721	314 721	314 721	314 721
33800 Førebyggjing av brannar og andre ulykker	265 378	280 000	280 000	280 000	280 000	280 000
33810 Feiarvesen	-107 498	0	0	0	0	0
33910 Brannvesen	3 990 601	3 131 400	3 686 400	3 606 400	3 606 400	3 606 400
33920 Oljevern	53 016	45 000	55 000	55 000	55 000	55 000
35400 Tøming slamavskiljarar, septik små avløpsanlegg	2 902	0	0	0	0	0
36020 Fisk- og viltforvaltning	475 389	507 725	455 235	455 235	455 235	455 235
36040 Vassressursforvaltning	51 780	52 000	55 000	55 000	55 000	55 000
Plan/ landbruk/ tekniske tenester	8 564 589	8 405 001	9 634 411	9 279 411	9 079 411	9 079 411

Nye tiltak som ligg inne i budsjetttramma:

- **Ressursauke byggjesak/plan** Byggjesak har vore under press over tid og det er behov for å gjere heile tenesteområdet for PLT meir robust. I dag er eininga veldig sårbar for oppsigelsar/sjukdom/anna fråvær og heile tenesteområde kan stå vakante ved at ein person forsvinn ut. Tenesta er lite fleksibel på den måten den er organiserte no, då kvar tilsett er veldig knytt til sitt tenesteområde.
- **Ombygging brannstasjon i Brekke**
Arbeidstilsynet har sett på forholda for brann- og redningstenesta i Gulen og Masfjorden og konkluderte med at desse ikkje tilfredsstillar gjeldande krav. Det er arbeid fram ei løysing der stasjonen på Brekke vert bygd om for leggje til rette for garderobe for begge kjønn, ventilasjon, frostsikring av utstyr og kontor.
- **Ras- og skredfarekartlegging**
I den overordna ROS-analyse som vart gjort av kommunen i 2019 vart det konkludert med at det er behov for betre kunnskap når det gjeld ras- og skredfarekartlegging. Det er også at dette er eit behov i samband med byggjesak og planlegging på eininga. Tiltaket gjeld kjøp av tenester.
- **Kommunedelplan for naturmangfald**
Betre kunnskap om naturmangfaldet er ein sentral del av arbeidet med berekraftsmåla og klima, og Miljødirektoratet har ei satsing på utarbeiding av slike



planar i kommunane. I KOM-sak 026/21 vart det vedteke å gi tilskot til utarbeiding av ein slik plan, og det er innvilga 175 000 i tillegg frå departementet. Tiltaket vil sikre at sakshandsaming knytt til planarbeid og byggjesak er tufta på eit betre og meir oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det er også knytt eit FOU-prosjekt til planen som skal sjå på bruk av multispektral datafangst med droner i kartlegginga. Dette er eit samarbeid med The Virtulab og NH Digitalt. 50 000 av tilskotet er satt av til dette delprosjektet.

- **Redningsbil Eivindvik**

Eksisterande redningsbil i Eivindvik har motorproblem og er ute av drift. Det er difor behov for ein ny bil for å kunne oppretthalde beredskapsnivået i kommunen. Planen er å kjøpe brukt ambulanse frå Helse Bergen, som tidlegare, og bygge denne om.

Utfordringar det blir arbeidd med:

